

---

**Fra:** Reidar Leiv Furelid <rfurelid@yahoo.com>  
**Sendt:** fredag 6. desember 2019 11:43  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Etterlyser svar på brev av 26.11.2019 og epost av 21.11.2019.

### **Til landbrukssjefen i Lindås kommune.**

Sjå emne for eposten!

Det er utruleg uhøvisk av landbrukskontoret ikkje å svara på post. Det gjentek seg og gjentek seg. Det er ganske greitt at slik kan vi ikkje ha det. Det gjer i alle høve ikkje at "DRAUMAR VERT RØYNDOM!"

Det seier seg sjølv at dette er kjempfrustrerende. Og det er ikkje i tråd med "regelverket" og syner klår mangel på vanleg høflighet! (=folkeskikk!)

Eg som her skriv under har fylt 78 år og freistar halda ymse aktivitetar i gang. Kan det telja for fart i sakene???

Den einaste som har synt vilje til kommunikasjon vedkomande vegsakene som dei siste breva gjeld, er fylkesskogmeister Terje Natland. Han tek opp "Vedlikehaldskontroll skogsvegar....". Og har gjeve oss pålegg vedkomande Baståsvegen som ligg på vår eigedom. Den veggen er i kjempestand i høve til "Kleivdalsvegen". Baståsvegen har vi slett ikkje gjort skade, men naturen arbeider kontinuerleg! - Vedkomande Kleivdalsvegen rømmer skadegjerarane frå ansvaret sitt og eg bed om hjelp til å få ting på skjener att! Jamfør dei siste breva om saka!

**Nyttar det å be om raskt svar?** Og plan for oppfølging?

Den likesæla, og tildels meiningsløysa, eg opplever frå kommunen i denne saka er som før skriva svært frustrerende! Er det forståeleg???

Det lid mot vinter og frost att og då eg tok den mest naudsynte vøla av skadekøyrd veg for eitt år sidan var det nett i grenseland at grusinga gjekk greitt.

Der gjenstår eit mykje naudsynt arbeid i søre enden!

Med vennleg helsing

Reidar Furelid (bruk nr. 4 på Gausereide)